


Smittevernplan for Volda kommune

Smittvernplan for Volda kommune



Smittevernplan for Volda kommune

Innhold

Innhold

Innhold	2
1 Hensikta med planen, formelt grunnlag	5
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Sentrale rammer	5
1.2.1 Lovverk	5
1.2.2 Forskrifter	6
1.2.3 Rettleiarar	7
1.3 Samanheng med anna kommunalt planverk	7
1.4. Definisjonar	7
1.5 Økonomi	8
1.6 Ansvar for utarbeiding, oppdatering og revisjon.	8
1.7 Planens tilgjengelegheit og distribusjonsrutinar	8
2 Smittevernbehov, risikovurdering og utfordringar i kommunen	9
2.1 Demografi	9
2.2 Infeksjonsepidemiologi	9
2.3 Framtidige utfordringar	9
2.4 Vaksinasjonsstatus	10
2.5 Næringsmiddel, avfall, avløpshandtering, skadedyrkontroll: status og utfordringar	10
3 Personell og materiell i smittevernarbeidet	11
3.1 Administrative organ, ansvarstilhøve og mynde	11
3.2 Kommuneoverlegen og smittevernlegane	11
3.3 Allmennlegar	11
3.4 Helsestasjon	11
3.4.1 Helsestasjon for ungdom og studentar	12
3.5 Helse og omsorgstenesta	12

Smittevernplan for Volda kommune

3.6 Vatn og avløp	12
3.7 Mattilsyn	12
3.8 Helseføretaket	13
3.9 Andre statlege samarbeidspartar	13
4 Smittevernarbeid i dagleg kommunal drift	14
4.1 Helseopplysning	14
4.2 Vaksinasjon	14
4.2.1 Barnevaksinasjonsprogrammet	14
4.2.2 Kikhostevaksinering av gravide	14
4.2.3 Smittsom hjernehinnebetennelse	14
4.2.4 Publikumsvaksinasjon	14
4.2.5 Yrkesvaksinering	15
4.2.6 Sesongvaksinering av kommunalt tilsette	15
4.2.7 Matriell	15
4.4 Diagnostikk og behandling av smittsame sjukdommar	15
4.5 Melding og varsling av smittsame sjukdommar	15
4.5.1 Gruppe A	18
4.5.2 Tuberkulose	18
4.6 Drikkevasskontroll	18
4.7 Avfalls- og avløpskontroll	18
4.7.1 Hushaldningsavfall	18
4.7.2 Spesialavfall	19
4.7.3 Kloakk	19
4.8 Skadedyrkontroll	19
4.9 Kontroll med andre verksemder	19
5 Smittevernarbeid i ein beredskapssituasjon	20
5.1 Generelle prinsipp	20
5.1.1 Ansvars og arbeidsfordeling	20
5.1.2 Kartlegging og vurdering	21
5.1.3 Informasjon	21
5.1.4 Vaksinasjon og andre førebyggjande tiltak	22
5.1.5 Diagnostikk og behandling	22
5.2 Spesielle sjukdomsutbrot	22
5.2.1 Vassbåren infeksjon	23
5.2.2 Matbåren infeksjon	23
5.2.3 Infeksjon med dråpesmitte	25

Smittevernplan for Volda kommune

5.2.4 Inokulasjonssmitte.....	26
5.2.5 Seksuelt overførbart sykdom.....	26
5.3 Antibiotikaresistens	27
6 Vedlegg.....	28
6.1 Huskeliste for kommuneoverlegen.....	28
6.2 Kontaktliste	29
6.2.1 Interne.....	29
6.2.2 Eksterne	29
6.3 Fordelingsliste	29
6.4 Tiltakskort ved pandemi.....	31
Dokumentrevisjon	33

Smittevernplan for Volda kommune

1 Hensikta med planen, formelt grunnlag

1.1 Bakgrunn

Smittevern har tradisjonelt sett vore ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunane. Sjølv om smittesame sjukdommar ikkje lenger er den viktigaste årsaka til sjukdom og død i Norge, er det likevel viktig å halde fokus på dette arbeidet fordi det er framleis utfordringar innan feltet. Det har samfunnet fått merke våren 2020, då Covid-19 blei ein pandemi som utfordra heile samfunnet. Andre utfordringar med smittevern kan til dømes vere bakteriar som vert motstandsdyktige mot antibiotika, nye variantar av virus og forureina drikkevatt. Smittevernarbeidet har som målsetjing å sikre innbyggjarane eit vern mot smittsame sjukdommar ved å førebygge smitte og motverke smitteoverføring når smitte har oppstått.

I 1995 kom "Lov om vern mot smittsomme sykdommer" som gav eit samla lovverk for å beskytte befolkninga mot smittesjukdommar. Eitt av verkemidla i Smittevernlova er at alle kommunar er pålagt å ha ein smittevernplan. Volda kommune hadde nettopp vore gjennom ei kommunesamanslåing ved årskiftet 2019-2020, og ved starten av Covid-19 pandemien eksisterte det ikkje ein smittevernplan for den nye kommunen. Både gamle Volda og Hornindal hadde smittevernplanar som var modne for ein revisjon. Denne planen er ei revidert utgave av den frå 2020 og inkluderer pandemiplanen frå 2009.

Denne planen forsøker å gje ei oversikt over smittevernarbeidet i Volda, både det daglege førebyggjande arbeidet og det meir beredskapsprega arbeidet i samband med smitteutbrot. Ei rekke ordinære kommunale arbeidsoppgåver er ledd i den generelle smittevernberedskapen, til dømes helseopplysning, vaksinasjon, diagnostikk og behandling av smittsame sjukdommar og organisering av drikkevassforsyning og renovasjon. Kommunane er også tillagt særskilt mynde etter smittevernlova ved utbrot av smittsam sjukdom. Planen skal vere med på å sikre ei god samordning av tiltak.

Planen er ikkje ei uttømande kjelde til informasjon for legar og helsesjukepleiarar, og ein forutset at helsepersonell også brukar andre kjelder for meir detaljert informasjon og at det blir utarbeida meir operative prosedyrar. Planen fungera best i elektronisk form, då det er lagt inn hypertekstkoplingar til referansar og lovverk.

1.2 Sentrale rammer

1.2.1 Lovverk

[LOV-1994-08-05-55 Lov om vern mot smittsomme sykdommer \(Smittevernloven\)](#) Denne lova er basisen for alt smittevernarbeid i kommunane. I denne lova har kommunen fått eit «sørgje for ansvar» for at alle som bur eller oppheld seg i kommunen har rett til naudsynte førebyggjande tiltak, undersøkingar, behandling og pleie for smittsame sjukdommar. Kommuneoverlegen er i lova tillagt eit særleg ansvar for smittevernet.

Smittevernplan for Volda kommune

[LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#) Folkehelselova har som formål å fremje folkehelsa. Kap.3 gir kommunane ansvar for å føre tilsyn med dei faktorane og forhold i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Ei rekke forskrifter som har betydning for å førebygge overføring av smittsame sjukdommar er heimla i denne lova. Denne lovgivinga er meint som eit sikkerheitsnett for å hindre helseskade på menneske, der ikkje andre lovverk kan kome til nytte.

[LOV 2003-12-19 nr 124: Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. \(matloven\)](#) Lova er basis for eit omfattande regelverk om bl.a. smitteførebyggjande tiltak knytt til produksjon av næringsmiddel. *Drikkevannsforskriften* er heimla både her og i Folkehelselova. Formålet med lova er bla. å sikre helsemessig trygge næringsmiddel og fremme helse, kvalitet og forbrukaromsyn i heile produksjonskjeda.

[LOV 2000-06-23 nr 56: Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapsloven\)](#). Formålet med lova er å verne liv og helse og bidra til at naudsynt helsehjelp, omsorgstenestar og sosiale tenestar kan bli gitt til innbyggjarane under krig og ved kriser og katastrofar i fredstid.

[LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forurensningar og om avfall \(Forurensningsloven\)](#). Lova skal sikre ein forsvarleg miljøkvalitet, slik at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Lova gjev heimel for å fastsette forskrift om restriksjonar i nedbørsfelt.

1.2.2 Forskrifter

[FOR 2009-10-02 nr 1229: Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram](#) Kommunehelsetenesta skal tilby og gjennomføre vaksiner mot smittsame sjukdommar, jf. Smittevernlova. Nasjonalt vaksinasjonsprogram består av barnevaksinasjonsprogrammet og influensavaksiner for utsette grupper .

[FOR 1995-01-01 nr 100: Forskrift om allmennfarlege smittsomme sykdommer](#). Inneheld ei liste over alle dei sjukdommane som er rekna for å vere allmennfarleg smittsame.

[FOR-2007-12-21-1573: Forskrift om varslng av og tiltak ved alvorlege hendelser av betydning for internasjonal folkehelse \(IHR-forskriften\)](#) Forskrifta har til føremål å førebygge og motverke internasjonal sprenging av smittsam sjukdom, samt sikre ei internasjonalt koordinert oppfølging. Dette skal gjerast på måtar som unngår unødvendig forstyrring av internasjonal trafikk og handel.

[FOR 2009-02-13 nr 205: Forskrift om tuberkulosekontroll](#) .Forskrifta har som føremål å hindre overføring av tuberkuløs smitte og utvikling av sjukdom etter smitte. Gir plikt til kommunane om å ha eit tuberkulosekontrollprogram. Alle fylka har tilsett minst ein tuberkulosekoordinator, i Helse Møre og Romsdal er denne funksjonen delt på fleire. Oppdatert oversikt over desse finnst på heimesidene til helseføretaket.

[FOR-2005-06-17-610 Forskrift om smittevern i helse- og omsorgstjenesten](#). Forskrifta set krav til at helse og omsorgsinstitusjonar i kommunane har eit infeksjonskontrollprogram

Smittevernplan for Volda kommune

[FOR 2016-12-22 nr. 1868 Forskrift om vannforsyning og drikkevann \(Drikkevannsforskriften\)](#). Denne forskrifta har til formål å sikre forsyning av drikkevann i tilfredsstillande mengde og av tilfredsstillande kvalitet. Forskrifta set detaljerte krav til vassforsyninga, og er ei sentral forskrift innanfor drikkevassområdet.

[FOR-2020-03-27-470 Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet \(Covid-19-forskriften\)](#) Ny forskrift utarbeida i samband med aktuell pandemi. Formålet er å avgrense spreinga av SARS CoV-2 i Norge.

[FOR-2011-12-05-1357 Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav \(forskrift om utførelse av arbeid\)](#). Forskrift som regulerer arbeid som krever særlige beskyttelsestiltak eller utførelsesmåter på grunn av risikofaktorer. I denne sammenhengen blir det vist til tema omkring yrkesvaksining.

1.2.3 Rettleiarar

[Smittevernhandboka](#)

[Tuberkuloseveilederen](#)

[Nasjonale faglige retningslinjer for antibiotikabruk i primerhelsetjenesten](#)

[Veileder om helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente](#)

[Pandemiplanlegging](#)

Lista over lover og forskrifter er ikkje uttømande, men forsøker å gje ei oversikt over det viktigaste sentrale rammeverket.

1.3 Samanheng med anna kommunalt planverk

Planen må sjåast i samanheng med kommunale beredskapsplanar, og då særleg plan for helse og sosial beredskap. Ein slik plan skal utarbeidast i samband med rullering av Helse og omsorgsplanen. Volda kommune har eit infeksjonskontrollprogram for sjukeheimane (ligger i Compilo). I samband med arbeidet med denne planen er det også utarbeida eit tuberkulosekontrollprogram. Desse to er underplanar som gjer meir detaljert greie for arbeidet med smittevern i helsetenesta og arbeidet med tuberkulose i Volda kommune.

1.4. Definisjonar

Smittsam sjukdom: ein sjukdom som er forårsaka av eit smittestoff som kan bli overført mellom menneske

Smittestoff: ei mikroorganisme eller ein parasitt, eller del av ei slik mikroorganisme/parasitt (inkl. toksin) .

Allmennfarlig smittsam sjukdom: ein sjukdom som er særlig smittsam, eller som kan

Smittevernplan for Volda kommune

førekome hyppig, eller har høg dødelegheit eller kan gi alvorlige eller varige skader. Nærmare definisjon finnast i smittevernlova §3. Departementet har fastsett i forskrift kva for smittsame sjukdommar som skal regnast som allmennfarlige smittsame sjukdommar.

Alvorlig utbrot av allmennfarlig smittsam sjukdom: eit utbrot eller fare for utbrot som krev særlig omfattande tiltak. Helsedirektoratet kan i tvilstilfelle avgjere når det føreligg eit alvorlig utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom.

1.5 Økonomi

Smittevernarbeidet blir normalt gjennomført innanfor ordinær kommunal drift og ved refusjonar frå Helfo til fastlegane. Personar som har eller mistenker at dei har allmennfarleg smittsam sjukdom skal ha naudsyn helsehjelp utan å betale eigenandel.

1.6 Ansvar for utarbeiding, oppdatering og revisjon.

Kommuneoverlegen er ansvarleg for å utarbeide og oppdatere denne planen i samarbeid med smittevernlegen. Vedlegget med kontaktinformasjon må reviderast årleg, resten av planen ved behov.

1.7 Planens tilgjengelegheit og distribusjonsrutinar

Planen skal distribuerast til fastlegane, legevakta, helsestasjonen, avdelingsleiarane innan helse og omsorg samt avdeling for vatn og avløp. Planen vil vere ein del av beredskapsplanverket i kommunen.

I tillegg skal planen gjerast tilgjengeleg i kvalitetssystemet i kommunen. Planen fungera best i elektronisk form, då det er lagt inn hypertekstkoplingar til referansar og lovverk.

Smittevernplan for Volda kommune

2 Smittevernbehov, risikovurdering og utfordringar i kommunen

2.1 Demografi

Volda kommune har omlag 11 100 innbyggjarar og ligg heilt sør i Møre og Romsdal. Kommunen har gode kommunikasjonar. Den geografiske plasseringa er i lina mellom Eiksundsambandet og Kvivsvegen og frå flyplassen er det fleire daglege direkteruter til Oslo og Bergen.

Volda kommune er vertskommune for Volda sjukehus. Eit godt samarbeid med sjukehuset er viktig i smittesituasjonar.

Studentane ved Høgskulen i Volda utgjer ei stor gruppe av dei som oppheld seg i kommunen. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjer 14,2% (11% i 2020) av innbyggjarane. Største gruppa av innvandrarar er frå Ukraina, Eritrea, Tyskland og Polen.

Dei fleste i Volda kommune bur i einebustad, og få bor trengt. 87 % av innbyggjarane er knytt til større vassverk.

Sysselsettinga er i hovudsak i helse og sosiale tenestar, varehandel, sekundærnæring og undervisning.

2.2 Infeksjonsepidemiologi

Den kjennskapen vi har til infeksjonsepidemiologien i kommunen har stort sett kome frå MSIS- meldingane. MSIS er det nasjonale overvakingssystemet for smittsame sjukdommar. Systemet er basert på at medisinsk-mikrobiologiske laboratorium og diagnostiserande legar melde alle tilfelle av enkelte meldingspliktige sjukdommar til [MSIS](#). Den mest meldte sjukdommen i kommunen siste åra er campylobacter og clostridium difficile, begge er mage- og tarm infeksjonar. Hovudårsaka til campylobacter infeksjonane er smitte frå utlandet i samband med turistreiser. Clostridium difficile infeksjonar er forårsaka av antibiotikabehandling. I tillegg veit vi at genital chlamydia er ein vanleg infeksjon i Norge, men vi har ikkje tilgang til tal på kommunenivå. Desse sjukdomane er det mogleg å forebyggje, med informasjon og redusert bruk av antibiotika.

2.3 Framtidige utfordringar

Når det gjeld framtidige utfordringar er det grunn til å tru at det som gjeld nasjonalt, også vil gjelde i vårt område. Fokusområde bør vere å hindre antibiotikaresistens, og følgje med på kva reising og aukande grad av ei multikulturell befolkning vil gjere med smittesituasjonen. Volda kommune tek imot flyktningar, turistar og har arbeidsinnvandring. Det gjer at

Smittevernplan for Volda kommune

sjukdommar som har vore sjeldne i området vårt kan bli vanlegare igjen. Nye virus kan oppstå og spreie seg globalt, det har vi fått erfare med Sars-CoV-2. Det kan skje fleire gonger.

2.4 Vaksinasjonsstatus

Vaksinasjonsdekninga for barnevaksinasjonsprogrammet i Norge er generelt god og aukande, og er også det i Volda. Når det gjeld vaksne er det mindre kunnskap i befolkninga om den tilrådde revaksineringa kvart 10.år. Ein har under etablering eit voksevakinasjonsprogram (FHI) som gjer at ein vil ha fokus på revaksinering hos vaksne. I 2024 var det eit nasjonalt utbrot av kikhoste, sjølv om vi merka lite av dette i kommunen. Ein har nyleg starta opp med vaksinasjon av gravide mot kikhoste, som vil beskytte det nyfødte barnet. Også elevar ved vidaregåande skule får tilbod om vaksine mot smittsom hjernehinnebetennelse (meningokokk).

Vaksinasjonsdekning barnevaksinasjonsprogrammet, 5 årig gjennomsnitt

	2015-2019	2016-2020	2017-2021	2018-2022	2019-2023
2 år	98,5	98,2	98,6	98,2	98,4
9 år	98,6	98,6	98,2	98,0	97,5
16 år	93,4	94,8	94,7	95,6	96,3

Kjelde: Kommuneshelsa

Vaksinasjonsdekninga for influensa har dei siste åra vore stigande, og Volda har høgre vaksinasjonsdekning enn landsgjennomsnittet. Dei siste åra har også fleire helsepersonell latt seg vaksinere mot influensa.

Prosent av innbyggjarane over 65 år som er influensavaksinert

År	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024
Geografi				
Hele landet	59,7	62,8	62,3	64,5
Volda	68,0	71,8	68,8	70,0

Kjelde: Kommuneshelsa

2.5 Næringsmiddel, avfall, avløpshandtering, skadedyrkontroll: status og utfordringar

Det har ikkje vore smitteutbrot gjennom mat i Volda kommune dei siste to åra. Det er Mattilsynet som har ansvar for kontroll av næringsmiddel. Det har heller ikkje vore meldt om smitte frå avløp eller skadedyr. Kommuneoverlegen har ei rolle i oppsporing av matborne smittesjukdomar. Denne rolla er 2-delt, både som bindeledd ovanfor pasientar og etterforskning i samarbeid med mattilsynet.

Smittevernplan for Volda kommune

2.6 Kommunale institusjonar med behov for infeksjonskontrollprogram

Volda kommune har to institusjonar med behov for infeksjonskontrollprogram, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter. Institusjonane har eit infeksjonskontrollprogram.

3 Personell og materiell i smittevernarbeidet

3.1 Administrative organ, ansvarstilhøve og mynde

Kommunestyret i Volda har delegert lite av ansvaret for smittevernarbeidet til kommundirektør i kommunen. Det er derfor kommunestyret som har mynde i smittevernssaker.

3.2 Kommuneoverlegen og smittevernlegane

Kommuneoverlegen skal ha oversikt over infeksjonssjukdomar i kommunen. Kommuneoverlegen mottar gjenpart av alle nominative meldingar om alvorleg infeksjonssjukdom.

Kommuneoverlegen utfører tilsyn i skular, barnehagar og bassengbad (inkludert badstue) etter folkehelselova når det er behov for det. Andre tilsynsobjekt som campingplassar og overnattingsstader blir følgt opp når det føreligg ønske om dette, eller som følge av klager. Kommuneoverlegen har også rådgjevaroppgåver ved rotteutrydding og anna skadedyrtiltak. I dette tilsynsarbeidet er smittevern ei av målsettingane. I tillegg er kommuneoverlegen involvert i vurdering av badevasskvalitet. Oversikt over badevasskvaliteten i kommunen har tidlegare blitt publisert i folkehelseoversikta. Badevasskvaliteten i kommunen er god.

Smittevernlegen utfører pasientretta smittevernarbeid og er rådgjevarar for anna personell i kommunen i smittevernspørsmål. Smittevernlegen er også stedfortredarar for kommuneoverlegen når kommuneoverlegen er fråverande.

3.3 Allmennlegar

Volda kommune har 14 allmennlegar med fastlegeavtale lokalisert ved Volda legesenter og Hornindal legekantor. I tillegg har Volda ein sjukeheimslege og to LIS1 lege, ein ved kvart legesenter.

Allmennlegane har det daglege arbeidet med diagnostikk og behandling av personar med infeksjonssjukdommar. Legar er i følge smittevernlova ansvarleg for oppfylging av smitta personar og skal drive smitteoppsporing. Legane er pålagt å melde alvorlege infeksjonssjukdommar, nærmare skildra i punkt 4.5.

3.4 Helsestasjon

Helsestasjonane har hovudansvar for vaksinasjon og førebyggjande arbeid blant born og ungdom. Helsesjukepleiarane har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av den obligatoriske tuberkuloseoppsporinga hjå flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Resultata av undersøkingane blir meldt til smittevernlegane ved behov for nærmare oppfølging.

Smittevernplan for Volda kommune

3.4.1 Helsestasjon for ungdom og studentar

Rolla i smittevernarbeidet til helsestasjons for ungdom er i hovudsak rådgjeving og smitteoppsporing i forhold til seksuelt overførbare sjukdommar, og då særleg klamydia. Helsestasjon for ungdom er eit samarbeid med Høgskulen i Volda og er lokalisert ved Helsestasjonen sine lokale i underetasjen på rådhuset.

3.5 Helse og omsorgstenesta

I den daglege drifta på sjukeheimane og innan heimebasert omsorg er det rutinar som motverkar overføring av smittsame sjukdommar. Ved større utbrot av smittsam sjukdom vil personell i pleie og omsorgstenesta vere ein viktig ressurs i prøvetaking, diagnostikk, vaksinasjon og behandling.

Avdelingsleiar har det faglege og administrative ansvar for det infeksjonsførebyggande arbeidet i avdelinga. Avdelingsleiar har ansvar for at innhaldet i planen er kjent for den enkelte arbeidstakar og at personalet får grunnleggande undervisning i infeksjonsførebyggande arbeid.

Den enkelte arbeidstakar har sjølv ansvar for å orientere seg om og følge dei krav, rutinar og prosedyrar som plan for infeksjonsførebyggande tiltak omhandlar. Det er hygienekontakter i sjukeheimane og i heimetenesta som har eit særleg ansvar for å halde seg oppdatert og bidra til opplæring av andre.

3.6 Vatn og avløp

Sektor for samfunnsutvikling, avd. vatn og avløp har driftsoppgåver innan drikkevassforsyning og avløp. Det er av stor betydning for smittevernet at disse oppgåvene blir ivaretatt i fylgje gjeldande lover og forskrifter. Avdeling for vatn og avløp har samarbeid med kommuneoverlegen i høve drikkevasskvalitet.

3.7 Mattilsyn

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som er med på å sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevatt. Dei skal fremje folke-, plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvennleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr. Mattilsynet har også oppgåver i høve til kosmetikk og legemiddel og fører tilsyn med dyrehelsepersonell.

Mattilsynet sine roller er å utarbeide framlegg til, forvalte og rettleie om regelverk, føre eit risikobasert tilsyn, formidle informasjon og kunnskap og ha beredskap.

1. mai gjekk Mattilsynet frå fem geografiske regionar til fire nasjonale tilsynsdivisjonar:

- Tilsynsdivisjon landdyr og slakteri
- Tilsynsdivisjon planter, fôr og drikkevann
- Tilsynsdivisjon mat og grensekontroll
- Tilsynsdivisjon akvakultur (opprettet 1. september 2024)

I høve smittevernarbeidet er samarbeid med mattilsynet naudsynt med tanke på oppsporing av infeksjonar overført via mat og drikkevatt. I seinare tid har ein også fokus på førebygging og deriblant beredskap mtp. drikkevatt. Vårt næraste kontorsted blir Ørsta.

Smittevernplan for Volda kommune

3.8 Helseføretaket

Helse Møre og Romsdal er ein samarbeidspart i diagnostisering og behandling av smittsame sjukdommar.

Både Ålesund og Volda sjukehus har ein tuberkulosekoordinator. Mikrobiologisk avdeling i Ålesund og Molde analyserer prøver og kan gi råd i ein smittesituasjon.

3.9 Andre statlege samarbeidspartar

Organisasjon	Oppgåver
Folkehelseinstituttet	Meldesystem for infeksjonssjukdommar MSIS og ved utbrot (Vesuv). Råd og rettleiing ved utbrot.
Statsforvalter	Tilsyn, klagesaksbehandling, varslingsinstans for mistenkte tilfelle av smittsam sjukdom
Politi	Gir melding til kommunane i forhold til tuberkuloseforskrifta

Smittevernplan for Volda kommune

4 Smittevernarbeid i dagleg kommunal drift

4.1 Helseopplysning

Helseopplysning er ein del av arbeidet i kommunehelsetenesta. Helsestasjonen er involvert i rådgjeving til skular og barnehagar om t.d. barn bør haldast heime for å hindre smittespreiing ved infeksjonssjukdommar og informasjon om tiltak ved luseepidemiar. Dei gir også generell informasjon til skuleungdom omkring seksuelt overførbare sjukdommar, Legekontoret gir helseopplysning til pasientar. Ved behov blir det informert om smittefare og verkemiddel for å førebygge smitte gjennom nettsidene til kommunen og lokale media.

4.2 Vaksinasjon

4.2.1 Barnevaksinasjonsprogrammet

Helsestasjonen er ansvarleg for gjennomføring av det anbefalte vaksinasjonsprogram for born - [Barnevaksinasjonsprogrammet](#). Målsetting i dette arbeidet er 100 % vaksinasjonsdekning.

4.2.2 Kikhostevaksinering av gravide

Frå 2. mai 2024 starta ein opp med kikhostevaksinering av gravide ved kommunejordmor. Alle gravide får tilbod om vaksine i veke 24 av svangerskapet. Vaksina beskyttar barnet mot kikhoste frå fødsel og fram til barnet får første vaksinedose ved 3-måneders alder.

4.2.3 Smittsom hjernehinnebetennelse

Elevar ved vidaregåande skule får tilbod om vaksining mot smittsom hjernehinnebetennelse (meningokokk) av helsesjuepleiar ved skulen.

4.2.4 Publikumsvaksinasjon

Kommunen tilbyr årleg pneumokokkvaksinasjon av 65 åringar og influensa- og koronavaksinasjon til alle risikogrupper etter retningslinjer frå Folkehelseinstituttet. Frå hausten 2025 vil dette vere omtalt som det nye nasjonale voksenvaksinasjonsprogrammet.

Helsestasjonen saman med kommuneoverlegen står for bestilling og fordeling av vaksinane.

Stivkrampevaksine må vurderast ved legekontakt ved sårskade. Tuberkulosevaksine er anbefalte i enkelte grupper. Sjå lenkjer for nærmare informasjon.

Vaksinering utanom barnevaksinasjonsprogrammet og influensa/korona/pneumokokk blir gitt ved fastlegekontora når det føreligg medisinske grunnar til dette. For anna type vaksinasjon som t.d. reisevaksinasjon kan ein nytte private tilbydarar som apotek, heilprivat legeteneste og bedriftshelseteneste.

[Influensavaksinering](#)

[Tuberkulosevaksinering](#)

[Tetanusvaksine](#)

[Reisevaksinering](#)

Smittevernplan for Volda kommune

4.2.5 Yrkesvaksinerings

Alle tilsette har krav på eit trygt arbeidsmiljø og vaksinasjon kan vere eit av virkemidla for å oppnå dette når risikoforholde tilseier det. Jamfør forskrift om utførelse av arbeid (§6-2) skal arbeidsgjevar sørge for at arbeidstakar blir tilbydd sikker og effektiv vaksinasjon mot biologiske faktorar dei kan bli eksponert for. Sjølv om vaksinasjon er frivillig, har arbeidstakar plikt til å medvirke til å redusere risiko.

Dersom risikovurderinga tilseier at det er grunnlag for yrkesvaksinerings for tilsette kan enten bedriftshelsetenesta eller kommunen sjølv organisere og utføre vaksinerings. Dei ulike områda/sectorane er sjølv ansvarlege for å kartlegge behovet for vaksinerings. Ein viser til FHI sine sider som omhandlar [yrkesvaksinerings](#).

4.2.6 Sesongvaksinerings av kommunalt tilsette

Helse og omsorg vaksinerar sjølv eige personell mot influensa. Dette vaksineringsarbeidet er koordinert med helsestasjonen, slik at dei kan bestille inn nok vaksiner. Tilsette i sektor oppvekst har tidlegare fått moglegheit til å få influensavaksine ved sesongvaksinerings.

4.2.7 Matriell

Nasjonalt folkehelseinstitutt leverer vaksiner til vaksinasjonsprogrammet, reisevaksiner og vaksiner til utsette grupper. Mange av desse vaksinane kan også bestillast igjennom apotek.

Ved behov for ekstra smittevernberedskap må apotek og folkehelseinstituttet raskt kontaktast for å sikre nødvendige legemiddelleveransar.

4.4 Diagnostikk og behandling av smittsame sjukdommar

Fastlegane diagnostiserer og behandlar smittsame sjukdommar. Smittevernlova gir den enkelte lege i oppgåve å fylgje opp pasientar med smittsam sjukdom, med særskilt vekt på dei som har allmennfarleg smittsam sjukdom. Vanlegvis vil det vere fastlegen som følgjer opp pasienten og nærmaste familie med rådgjeving og andre tiltak for å beskytte mot vidare smitte. Ved alvorlig sjukdom vil pasienten bli innlagt på sjukehus, og legen på sjukehuset overtek då oppgåvene etter smittevernlova.

4.5 Melding og varsling av smittsame sjukdommar

Heimel for meldingsplikt for legar til Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS) og Tuberkuloseregisteret er gitt i smittevernlova og helsepersonellova. MSIS er oppretta for å overvake førekomsten av smittsam sjukdom i Norge og bidra til betre oppklaring av utbrot og førebyggjande arbeid. Dei meldepliktige sjukdommane er delt i to grupper; A og C. Alle legar som får mistanke eller har fått bekrefte slik mistanke skal gi melding til kommuneoverlegen. Alvorlegheitsgrada avgjer om ein kun kan sende ei skriftleg melding eller må varsle straks.

Med varsling meiner ein at det med ein gong skal bli gitt melding på ein slik måte at varslaren kan forsikre seg om at mottakaren har motteke varselet. Av dette kjem det at slik varsling bør skje via telefon eller direkte kontakt. Dette gjeld ved visse enkelttilfelle eller utbrot av smittsam sjukdom, og når ein mistenker at ein sjukdom kan ha konsekvensar for internasjonal helse gjeld dette også sjukdom som ikkje er på lista over varslingspliktige sjukdommar. Varsling om smittsam sjukdom kjem i tillegg til den skriftlege meldinga til MSIS registeret. Den skriftlege meldinga til MSIS registeret kan no gjerast elektronisk, men


Smittevernplan for Volda kommune

kommuneoverlegen må framleis få kopi på papir. Ein viser til utfyllande informasjon om varsling på [FHI](#) sine nettsider.

Folkehelseinstituttet kan ein varsle ved å ringe den døgnopne smittevernvakta (21 07 63 48). Etter at slik varsling er gjort, skal legen sende MSIS-melding på vanlig måte.

For ein del smittsame sjukdommar må det bli sett i gong ei smitteoppsporing. Er spreingsfaren stor, må dette arbeidet starte straks. Kommuneoverlegen er ansvarleg for å sette dette arbeidet i gang, og eventuelt sette inn strakstiltak og informere kriseleiinga i kommunen og andre relevante samarbeidspartar.

Smittevernplan for Volda kommune



Smittevernplan for Volda kommune

4.5.1 Gruppe A

Smittsamt sjukdommar i gruppe A er sjukdommar som det er nødvendig å overvake med detaljerte opplysningar om kvart tilfelle av omsyn til smittevernet og internasjonale forpliktingar. Meldinga inneheld personidentifiserbare opplysningar. Desse sjukdomane blir meldt frå medisinsk-mikrobiologiske laboratorium og legar til MSIS. Meldinga frå legen går også som kopi til kommuneoverlegen i den kommunen pasienten bur. I denne [gruppa](#) er det om lag 70 ulike smittsamt sjukdommar.

4.5.2 Tuberkulose

Det er etablert ei særskilt meldingsrutine for tuberkulose. Målet med tuberkuloseovervåkinga er å følgje med på forekomsten av sjukdommen og kvalitetssikre tidlig diagnostikk og effektiv behandling av pasientar med tuberkulose. Det står meir om dette i tuberkulosekontrollprogrammet.

4.6 Drikkevasskontroll

Drikkevatn er ein potensiell smittespreiar og det er årleg sjukdomsutbrot ulike stader i Norge som skyldast forureina drikkevatn. For å hindre dette er det sett strenge krav til drikkevasskjelder og drikkevasskvaliteten i eiga forskrift. Drikkevassforskrifta set krav om registrering og godkjenning av vassverk.

Det er vassverkeigaren som har det daglege driftsansvaret for vassverk. Dei har plikt til å ha internkontroll på bla. bakteriekontroll. Dei har også informasjonsplikt til både helsemyndigheiter og publikum ved svikt og mogleg fare for sjukdom.

Mattilsynet har det formelle godkjenningsansvaret for godkjenningspliktige vassverk.

4.7 Avfalls- og avløpskontroll

4.7.1 Hushaldningsavfall

Volda kommune deltek i interkommunal renovasjonsordning VØR (Volda og Ørsta Reinholdswerk). VØR har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam.

Smittevernplan for Volda kommune

4.7.2 Spesialavfall

Risikoavfall frå blant anna legekontor og sjukeheimar som til dømes stikkande/skjerande avfall med biologisk o.a. smittefarlig avfall samlast i spesialemballasje og blir henta etter eigen avtale med Norsk Gjenvinning.

4.7.3 Kloakk

Tekniske tenester har driftsansvar for kloakknett og reinseanlegg. Tilsyn med dette er i hovudsak en oppgåve etter forureiningslova, men lekkasjar i kloakknettet kan medføre alvorlig smitterisiko, derfor er dette også regulert i forskrift etter helselovgjevinga.

4.8 Skadedyrkontroll

Pattedyr, fuglar, insekt og andre levande organismar kan overføre smittsame sjukdommar til menneske og det kan derfor vere aktuelt med tiltak som for eksempel få ned talet på rotter. Det vil i hovudsak vere slik at den som eig bygninga/området der dette er aktuelt sjølv er ansvarleg for å få dette gjort. I enkelte tilfelle kan det vere at dyr lid, då er det mattilsynet som kan gripe inn. Kommunen har ansvar for skadedyrkontroll i det offentlege rom.

Det finnst ikkje alltid heilt klare retningslinjer for kven og korleis slike saker kan handterast og samarbeid er naudsynt. Vedtak om avliving av dyr kan kome frå både folkehelselova, forureiningslova og dyrevernlovgjevinga.

4.9 Kontroll med andre verksemder

Smittevern er ein del av det miljøretta helsevernet som er omtala i kap. 3 i folkehelselova med tilhøyrande forskrifter. Det gjev kommunen ansvar for å drive tilsyn med ei rekke verksemder som skular, barnehagar, overnattingsstader, bassengbad (inkludert badstu), frisørsalongar og tatoveringsverksemder.

Smittevernplan for Volda kommune

5 Smittevernarbeid i ein beredskapssituasjon

5.1 Generelle prinsipp

5.1.1 Ansvars og arbeidsfordeling

Kommuneoverlegen har oppgåve i følgje smittevernlov med forskrifter og leier smittevernarbeidet i kommunen. Viss ikkje kommuneoverlegen eller smittevernlegen er tilgjengeleg, har legevaktslegen mynde til å starte smittevernarbeidet ved hjelp av smittevernplanen og faglege retningslinjer.

Smittevernarbeidet kan krevje drastiske tiltak, det gir lova moglegheit til, men dette er sjeldan nødvendig. Kommuneoverlegen må når det er nødvendig førebu sak til politiske organ eller fatte hastedtak med heimel i smittevernlova. Delinga av mynde i kommunen til å fatte vedtak om bruk av særlege verkemiddel i smittevernarbeidet er lista opp med henvisningar til § i smittevernlova:

KOMMUNESTYRET

§ 4-1 første ledd	Vedta div. smitteverntiltak: møteforbud, stenging av verksemder, isolering, desinfeksjon m.m.
§ 4-1 femte ledd	Bruke og skade eigedomen til andre, jfr. 1. ledd.
§ 4-6 første ledd	Vedta forholdsregler ved gravferd. Delegert til kommunedirektør.
§ 4-9 første ledd	Pålegge helsepersonell å ta opplæring. Delegert til kommunedirektør.
§ 4-9 andre ledd	Pålegge deltaking i smittevernarbeidet. Delegert til kommunedirektør.
§ 4-9 fjerde ledd	Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc. Delegert til kommunedirektør.
§ 7-1 fjerde ledd	Føre tilsyn og sørge for at reglane i lova vert haldne. Delegert til kommunedirektør.

KOMMUNEOVERLEGEN /Fungerande for kommuneoverlegen.

§ 2-2 sjuande ledd	Krevje opplysningar utan hinder av teieplikta
§ 3-8 tredje ledd	Treffe forholdsreglar for uvaksinerte
§ 4-1 femte ledd	Handle på vegne av kommunestyret i hastesaker om div. smitteverntiltak etter § 4 (<i>I forhold til næringsmiddelverksemder kan hastedtak på same måte gjerast av Mattilsynet.</i>)
§ 4-2 andre ledd	Gi arbeidsforbod
§ 4-5 første ledd	Vedta obduksjon av avdød smitta person

Smittevernplan for Volda kommune

§ 5-8 første ledd

Treffe hastevedtak om tvangsundersøking

I særlege tilfelle der det kan bli aktuelt med tvangstiltak må kommuneoverlegen kontakte fylkeslege og smittevernlegen i fylket.

5.1.2 Kartlegging og vurdering

Ein beredskapssituasjon startar gjerne med at kommuneoverlegen mottok ein telefon, ein e-post eller ei skrifteleg melding om sjukdomsutbrot i kommunen.

Kommuneoverlegen må etter å ha mottoke ein slik melding vurdere alvorsgrada, kartlegge utbrotet og lokale forhold som kan ha betydning for vidare utbrot av sjukdommen.

Kommuneoverlegen må innhente opplysningar frå legen som har diagnostisert sjukdommen og eventuelt anna helsepersonell. Han må deretter sjå i gjeldande retningslinjer og eventuelt rådføre seg med Folkehelseinstituttet. På bakgrunn av denne informasjon må kommuneoverlegen vurdere om lokale smitteverntiltak skal settast i verk. Utbrot eller mistanke om utbrot skal meldast inn i [Vesuv](#).

- [Utbrudd-varsling og oppklaring](#)

5.1.3 Informasjon

Det er svært viktig med tidleg informasjon til ulike instansar. Kommuneoverlegen har ansvar for informasjon til media og andre etter å ha kartlagt og vurdert situasjonen. Kor mykje informasjon som bør ut er avhengig av situasjonen, men rask informasjon er viktig, særleg i eit samfunn der internett og sosiale medium gir rask spreiding av informasjon. Om ein ikkje sjølv tek ei aktiv rolle i informasjonsarbeidet, mister ein styringa på kva informasjon som blir delt. Informasjon til publikum kan skje i samband med kommunikasjonsmedarbeidarar i kommunen.

Før ein går ut offentleg er det viktig å ta dette med informasjonsbehovet opp med dei som er direkte råka, då sjølv anonymisert informasjon kan vere på kanten med teieplikta i små lokalssamfunn. Informasjon bør bli gitt både skrifteleg og munnleg. Bruk av tradisjonelle og sosiale media er effektivt for å nå store grupper. Nedanfor kjem ei hugseliste til hjelp i dette arbeidet.

Informasjon som bør vurderast ved utbrot av smittsam sjukdom	Ansvarleg
<i>Helsepersonell</i> Bør varslast for å auke merksemda kring smittefaren og for at dei skal kunne gi informasjon vidare. Desse bør varslast: • Alle fastlegane • Legevakta og legevaktsentralen • Helsestasjonen • Sjukehuset • Kommuneoverlegar i nabokommunar	Kommuneoverlegen
<i>Dei som er sjuke og nære pårørande</i>	

Smittevernplan for Volda kommune

Informasjon om sjukdomsforløp og tiltak for å hindre smittespreiing Informasjon om behovet for å gå ut med offentlig informasjon	Allmennlege/sjukehuslege Kommuneoverlegen
<i>Institusjonar (skular, barnehagar og andre verksemdar)</i> Desse bør varslast for å gi eit mest mogleg rett bilde av alvorsgrada og for å auke merksemda kring mogleg smitte.	Kommuneoverlegen i samarbeid med helsessjukepleiar og eventuelt verksemdene og bedriftshelsetenesta
<i>Lokalbefolkninga</i> Bør få informasjon med tanke på å hindre smittespreiing, auke merksemda for å oppdage tidleg sjukdom og avgrense uro. Aktuelle medium: heimesider, kommunen sine SoMe, lokalavis, NRK	Kommuneoverlegen og kommunikasjonsmedarbeidar (eventuelt i samarbeid med folkehelseinstituttet og mattilsynet)
<i>Folkehelseinstituttet og helseavdelinga hjå fylkesmannen</i> Hugs å bruke Vesuv ved utbrot	Kommuneoverlegen

5.1.4 Vaksinasjon og andre førebyggjande tiltak

I mange tilfelle vil det vere aktuelt å vurdere vaksinasjon ved utbrot, for eksempel ved influensa, meningokokk type C, hepatitt A og B. I andre tilfelle er det aktuelt å tilby førebyggjande antibiotika for dei som er mest utsett for smitte, eller tilby behandling straks etter eksponering for smittestoff med vaksine eller spesifikke antistoff. Dette er tiltak som må vurderast av behandlande legar i samråd med kommuneoverlegen. Ved behov for faglege råd blir infeksjonsmedisinar i Helseføretaket og Folkehelseinstituttet kontakta. Behandlande lege og helsesjukepleiar må utføre eventuell vaksinasjon.

5.1.5 Diagnostikk og behandling

Det er fastlegane og legane ved sjukehuset som diagnostiserer og behandlar personar som har ein infeksjonssjukdom. Ved utbrot eller fare for utbrot av smittsam sjukdom må kommuneoverlegen varsle lokale leger og anna helsepersonell om behov for auka merksemd for den aktuelle sjukdommen. Spesielt utsette grupper bør bli tilbydd helseundersøking. Dette kan organiserast av kommuneoverlegen, men fastlegane og helsestasjonane må gjere sjølve undersøkingane.

5.2 Spesielle sjukdomsutbrot

Det finnst mange ulike scenario for smitteutbrot, vidare i dette avsnittet kjem meir informasjon om nokre scenario som etter ei risikovurdering blir oppfatta til å vere sannsynlege i vår kommune og samtidig alvorlege anten fordi enkelttilfelle er svært alvorlege eller fordi utbrot kan bli omfattande.

Smittevernplan for Volda kommune

5.2.1 Vassbåren infeksjon

Infeksjonar som smittar via drikkevatn kan medføre store og alvorlege sjukdomsutbrot der svært mange blir sjuke over kort tid. Dette vil oftast være mage og tarm infeksjonar som salmonella, campylobakter, hepatitt A, giardia lamblia og virusinfeksjonar som til dømes norovirus. Her er førebyggjande tiltak og rask reaksjon ved mistanke om svikt i hygieniske barrierar som skal beskytte mot forureining særskilt viktige.

Miljøretta helsevern i kommunen har ansvaret for å sjå til dei hygieniske tilhøva i nedslagsområda for vassverka, i samarbeid med avdeling for vatn og avløp.

Vannhygiene – veileder for helsepersonell

<i>Tiltak</i>	<i>Ansvarleg</i>
Vurdere avstenging av vasskjelde til hygieniske forhold er under kontroll	Avd. for vatn og avløp, eventuelt etter pålegg frå Mattilsynet eller kommuneoverlegen
Rette opp svikt eller manglar i vassbehandlingsanlegget eller legge til reserveklorering	Avd. for vatn og avløp
Informasjon om koking av drikkevatn via media/melding til abonnementane	Avd. for vatn og avløp/ kommuneoverlege/ kommunikasjonsleiar / Mattilsynet
Prøvetaking av vasskjelde og sjuke for å identifisere smittestoff	Avd. for vatn og avløp/ Mattilsynet/kommuneoverlege/fastlegar
Diagnostikk og behandling, informasjon til dei som er sjuke for å hindre vidare spreiding av smitte, sjukmelde tilsette i næringsmiddelverksemdar og helsetenesta til smittefaren er over	Fastlegane

5.2.2 Matbåren infeksjon

Dette vil som regel vere mage og tarm infeksjonar. Kvaliteten på maten i den norske marknaden er generelt god med tanke på risiko for matborne infeksjonar og forgiftingar (intoksikasjonar). Men også i Norge kan smittestoff spreiest gjennom maten. For å førebygge slik smitte er det viktig med rett tilreiking og oppbevaring av mat, samt god hand- og kjøkkenhygiene.

Dei mest aktuelle infeksjonane som blir overført med mat og vatn i Norge i dag er norovirus, campylobakter, salmonella, tarmpatogene E. coli, yersinia og listeria i tillegg til de tradisjonelle matforgiftingsbakteriane clostridium perfringens, bacillus cereus og staphylococcus aureus. Den matsmitten som har vore meldt om i Volda siste åra er i hovudsak smitte skjedd i utlandet ved reiser.

Smittevernplan for Volda kommune

<i>Tiltak</i>	<i>Ansvarleg</i>
Diagnostikk, behandling og informasjon til dei som er sjuke, sjukmelding frå næringsmiddelverksemdar og helsetenesta	Fastlegar/sjukehuslegar
Kartlegge utbrot	Mattilsynet og kommuneoverlege, gjensidig varslingsplikt
Informasjon til publikum og eventuelt skular, barnehagar, bedrifter	kommuneoverlege/kommunikasjonsleiar
Intervju av sjuke for å identifisere smittekjelde	Mattilsynet
Kontroll og prøvetaking ved næringsmiddelverksemdar	Mattilsynet
Vaksinasjon ved hepatitt A utbrot	Organisert av kommuneoverlege, utførast av fastlegane

Smittevernplan for Volda kommune

5.2.3 Infeksjon med dråpesmitte

5.2.3.1 Pandemiar

Infeksjonar med dråpesmitte kan gi alvorlege og store utbrot når viruset som er i sirkulasjon er eit virus som er nytt for menneske eller har fått endra viruseigenskapar. Dette vil då sannsynlegvis vere eit utbrot som dekker større områder, slik at vi vil vere førebudde via internasjonal infeksjonsovervaking. Samtidig er det i tidlege fasar av ein pandemi stor usikkerheit om omfanget og kor alvorleg situasjonen vil bli. Bildet kan endre seg undervegs, både positivt og negativt.

Ved fare for eit slikt utbrot må vi raskt kunne vaksinere større grupper om vaksine er tilgjengeleg og ta hand om fleire sjuke og pleietrengande. Det kan også bli naudsynt med befolkningsretta tiltak som nedstenging av delar av samfunnet. I slike situasjonar er det ikkje tilstrekkeleg med ein innsats frå helsesjukepleiarar og fastlegar, då må vi bruke fleire ressursar. Det er utarbeida eit todelt tiltakskort i beredskapsplanen.

Pandemifaser WHO

Fase	Skildring	Status
INTERPANDEMISK PERIODE		
1	Ingen nye virus	Ingen nye virussubtypar er oppdaga hjå menneske.
2	Nytt virus hjå dyr	Framleis ingen nye virussubtypar er oppdaga hjå menneske, men det sirkulerer zoonoser som utgjer ein risiko for sjukdom hjå menneske.
PREPANDEMISK PERIODE (årvåkenheit)		
3	Smitte til menneske	Sjukdom hjå menneske med ny subtype. Inga spreiiing mellom menneske.
4	Avgrensa smitte mellom menneske	Små klynger med avgrensa spreiiing mellom menneske, geografisk avgrensa.
5	Aukande smitte mellom menneske	Større klynger av personar med infeksjon. Framleis geografisk avgrensa.
PANDEMISK PERIODE		
6	Pandemi	Aukande og vedvarande smitte hjå innbyggjarane
POSTPANDEMISK PERIODE		
7	Postpandemi	Tilbake til interpandemisk periode

Smittevernplan for Volda kommune

I interpandemisk periode bør kommunen syte for at planverket er oppdatert, gjennomføre sesongvaksinering, delta på øvingar og skaffe seg oversikt over samfunnsskrittiske funksjonar.

[Pandemiplanlegging](#)

[Influenzapandemi](#)

[Veileder i kontinuitetsplanlegging](#)

[Håndbok for kommuneoverlegen](#)

5.2.3.2 Anna dråpesmitte

Andre infeksjonar som blir overført via dråpesmitte er som oftast lite alvorlege og vanlege luftvegsinfeksjonar. Sjeldnare kan det vere snakk om enkelttilfelle av meir alvorleg sjukdom som til dømes meningokokksjukdom. Dei siste åra har ein sett ein aukande førekomst av kikhoste, mest sannsynleg på grunn av redusert immunitet fordi vaksne som blei vaksinerte som born ikkje lenger er immune.

Meningokokksjukdom (smittsam hjernehinnebetennelse) er ein infeksjon som er alvorleg og som førekjem relativt hyppig – oftast blant born og ungdom. Det er i dei aller fleste tilfella enkeltstående tilfelle. Ved fleire enn eitt tilfelle i eit område, kan det bli aktuelt med omfattande tiltak med vaksinering, førebyggjande antibiotikabehandling og restriksjonar på aktivitetar.

Legionella kan manifestere seg med to ulike sjukdomsbilde, legionærsjukdom og pontiacfeber. Det har vore ein del utbrot av denne sjukdommen i Norge, men ikkje i vårt område. Ved mistanke om utbrot av legionella bør ein kontakte folkehelseinstituttet for råd og rettleiing. Kartlegginga bør skje i samarbeid med dei som driv med miljøretta helsevern i kommunen.

[Meningokokksjukdom](#)

[Legionellose](#)

5.2.4 Inokulasjonssmitte

Smitten skjer her ved at smittestoffet kjem direkte inn i kroppen gjennom skada hud eller slimhinner. Slik smitte førekjem særleg ved bruk av forureina kanylør hjå intravenøse stoffmisbrukarar eller ved uhell hjå helsearbeidarar (HIV, hep.B og C), men også ved forureina sår (tetanus), bitt (rabies) eller seksuell kontakt. Det er relativt lite av slik smitte i vårt område, men dette kan endre seg ved endra befolkningssamansetting. Ved enkelttilfelle får pasientar informasjon og behandling hjå fastlegen. Om det skulle bli snakk om større utbrot må kommuneoverlegen inn i arbeidet for å kartlegge og drive førebyggjande arbeid (vaksiner og informasjon).

5.2.5 Seksuelt overførbar sjukdom

Dette er i praksis stort sett berre klamydia. Andre sjukdommar som gonoré, syfilis og hiv er sjeldne. Det viktigaste ved klamydia er aktiv smitteoppsporing utført av den legen som diagnostiserer sjukdom. Informasjons- og smitteoppsporingsarbeidet må intensiverast med hjelp frå kommuneoverlege og helsesjukepleiarar om omfanget av klamydia aukar i periodar.

Smittevernplan for Volda kommune

5.3 Antibiotikaresistens

Antibiotikaresistens er eit aukande problem internasjonalt. Sjølv om ein til no har hatt ein god situasjon for dette i Norge, må vi stadig ha fokus på dette for å unngå at det skal bli eit stort problem. Generelt vil ein oppfordre alle fastlegane, legevaktslegane og sjukeheimslegane til å bruke Nasjonale retningslinjer for antibiotikabruk i primærhelsetenesta. Målet med smitteverntiltak mot resistente bakteriar er at bakteriar med særleg utfordrande resistensmønster ikkje skal etablere seg og bli endemiske ved norske sjukehus og kommunale helseinstitusjonar. Aktuelle mikrobar er MRSA og VRE.

[Nasjonale retningslinjer for antibiotikabruk i primærhelsetjenesten](#)


[MRSA](#)

[VRE](#)

Smittevernplan for Volda kommune

6 Vedlegg

6.1 Huskeliste for kommuneoverlegen



Smittevernplan for Volda kommune

6.2 Kontaktliste

6.2.1 Interne

Funksjon/organisasjon	Namn	Telefon
Kommuneoverlege	Steffen Myklebust	970 84 375
Smittevernlege	Olav-Andre Myklebust	476 39 425
Kommunalsjef helse og omsorg	Svein Berg Rusten	918 68 329
Avdelingsleiar sjukeheim	Ann-Sølvi Heltne	911 44 863
Avdelingsleiar heimetenesta	Elsebeth Melle	911 30 521
Leiar helsestasjonen	Kari-Janne Ljones Kulø	994 35 473
Avdelingsleiar vatn og avløp	Lars Fjærvold	908 63 846
Teknisk vakt		901 78 008

6.2.2 Eksterne

Funksjon/organisasjon	Namn	Telefon
Folkehelseinstituttet	Smittevernvakta	21 07 70 00 / 21 07 63 48
Mattilsynet		22 40 00 00
	Beredskapsvakt	22 40 00 00 (lytt gjennom talemelding)
Politiet		02800
	Volda og Ørsta lensmannskontor	70 11 87 00
Statsforvalter i Møre og Romsdal	Fylkeslege Karin Müller Mikalsen	71 25 85 92 / 71 25 84 00
Volda sjukehus	Tbc koordinator (Hogne Søholt)	70 05 83 05 / -04 / -06
Ålesund sjukehus	Tbc koordinator (Solveig Hauge)	70 10 53 80

6.3 Fordelingsliste

Fylgjande personar / instansar skal ha ein kopi av planen no og ved oppdateringar:

Smittevernlege
Fastlegane
Sjukeheimslege
Interkommunal legevakt

Smittevernplan for Volda kommune

Helsestasjonen

Kommunalsjef helse og omsorg

Avdelingsleiar vatn og avløp

Smittevernplan for Volda kommune

6.4 Tiltakskort ved pandemi

Mål for arbeidet:

- Førebygge smittespreiing og redusere sjukdom og død
- Behandle og pleie sjuke og døydande heime og i kommunale helseinstitusjonar
- Oppretthalde naudsynte samfunnsfunksjonar innan for sektorane i kommunen til trass for stort sjukefråvær
- Gi kunnskapsbasert og samordna informasjon til innbyggjarane, massemedia, andre sektorar, regionale og sentrale myndigheiter

Prepandemisk periode

Oppgåve	Tiltak	Ansvarleg
Beredskap	Identifiser ressursbehov og sette i verk førebuingar: • Verneutstyr Sjekk lagerstatus og gjer eventuelt innkjøp • Medisinar Sjekk lagerstatus og gjer eventuelt innkjøp • Ekstra lokale Kva kan takast i bruk om det blir behov? (Både til pleie og legevakt) • Personell Inngå avtalar med private og frivillige som kan hjelpe til	Kriseleiing
Planlegge vaksiner	Finn koordinator for vaksiner Få oversikt over tal på menneske i prioriterte målgrupper for vaksiner. Sende inn prioriteringsliste til statsforvalter Informere FHI om leveringsadresse for vaksiner Varsle vaksinatorar og frivillige	Kommunedirektør Kommuneoverlege/ Koordinator Koordinator Koordinator

Smittevernplan for Volda kommune

	Gi opplæring til personell som skal utføre vaksinasjonsarbeidet. Finn eigna lokale-tilkomst og parkering, køsystem, lokal koordinator, merking av personell Hugs kjølig oppbevaring, adrenalin-beredskap og eingongsutstyr. Legge til rette for registrering i SYSVAC	Koordinator Koordinator
Opplæring	Gi opplæring til tilsette om førebygging av smitte	Avdelingsleiarar
Informasjon	<u>Til helsepersonell</u> Planar for handtering <u>Til innbyggjarane</u> Informasjon både om eventuell vaksinerings, førebyggjande råd og kva ein skal gjere om ein blir sjuk Kontinuerleg oppdatering på heimesider og via lokale media	Avdelingsleiarar i Helse og omsorg Kriseleing/kommueoverlege Informasjonsmedarbeidar
Kontinuitetsplanlegging	Identifiser kritiske funksjonar Minstebemanning og prioritering Kompetansebehov Identifiser kritiske brukarar Sett i verk tiltak etter vurdering: ekstra hygienetiltak, heimekontor, stenging	Kriseleing

Pandemisk periode

Oppgåve	Tiltak	Ansvarleg
Oppstart og koordinering	Etablere kriseleing Følge med på og set eventuelt i verk tiltak for å halde på kontinuiteten	Ordførar/ kommunedirektør Kriseleing

Smittevernplan for Volda kommune

	Sett i verk tiltak etter vurdering: ekstra hygienetiltak, heimekontor, stenging Sikre beredskap av kommuneoverlege	
Samhandling	Opprett kontakt med regional og lokalt helseføretak	Kommuneoverlege
Diagnostikk og behandling	Avklar rollefordeling mellom fastlegekontor, legevakt og lokalt sjukehus Vurder omdisponering av lokale for handsaming av fleire sjuke i kommunen	Kommuneoverlege
Informasjon	<u>Til helsepersonell</u> Om endra rutinar og arbeidsmåtar <u>Til andre tilsette i kommunen</u> Om endra rutinar og arbeidsmåtar <u>Til innbyggjarane</u> Informasjon om status, førebyggjande råd, kva ein skal gjere om ein blir sjuk og om eventuell vaksinerings Kontinuerleg oppdatering på heimesider og via lokale media	Avdelingsleiarar i Helse og omsorg Kriseleiing/ kommunalsjefar/personalavd.
Gjennomføre vaksinasjon	Når dato for levering av vaksiner blir kjent: • Sette tidspunkt • Innkalle personell • Innkalle til vaksinasjon <i>Vaksinering:</i> Mottak av innbyggjarar Utlevering av informasjonsmateriell Registrering av personidentitet Lege tilgjengeleg Vaksinering Overvåking etter vaksinerings Registrere vaksinasjon i SYSVAK. Rapporter om vaksinasjonsdekning Rapporter om uønska alvorlege hendingar	Koordinator

Dokumentrevisjon

Versjon	Dato	Ansvarleg	Kommentar
---------	------	-----------	-----------

Smittevernplan for Volda kommune

1.0	17.07.2025	Steffen Myklebust	Revidering av Inge-Lise Kaldhol sin versjon fra 2020. Oppdatert kontaktliste.